

## **Hordaland Nei til EU - framlegg til vedtak på årsmøte 15. mars 2024**

### **Helseunionen, samarbeids- eller unionsprosjekt?**

EU ynskjer å samordne medlemslanda sin helsepolitikk i ein helseunion. Regjeringa vil knyte oss til helseunionen gjennom ein samarbeidsavtale. EU får då ansvar for felles handtering av kriser, innkjøp av medisinar, vaksiner og råvarer. Avtalen ligg utanfor EØS.

Hordaland NtEU stiller seg kritisk til ein slik avtale. Det er ikkje klart at tilknyting til helseunionen er eit fornuftig samarbeid. Produksjon og sal av medisinsk utstyr er global. Mange produsentar vil ikkje prioritera godkjenning av produkt i eit byråkratisert EU før eit nytt legemiddel kan takast i bruk. Det er viktig for Noreg å ha handlefridom i krisesituasjonar. Difor bør avgjerder i slike spørsmål framleis liggja på eit nasjonalt nivå.

Hordaland NtEU vil peika på at ein samarbeidsavtale fører landet inn i ein uklar situasjon om suverenitetsspørsmål. Det er EU som definerer når det ligg føre ein krisetilstand. Hera (Health Emergency Preparedness and Response), eit organ for å gjennomføre tiltak, og som regjeringa vil slutte seg til, er ein del av EU-kommisjonen. Også EU-byråa får større makt. Sjølv om det meste formelt handlar om koordinering og tilrådingar, vil faktiske bindingar gripe inn i råderetten til folkestyret.

Hordaland NtEU vil også åtvare mot ein samarbeidsavtale som kan medføre at norsk helsepolitikk vert sterkare påverka av privatisering. Nasjonal helsepolitikk kan bli vanskelegare å forsvare i ein situasjon der fri flyt-politikk har stor gjennomslagskraft.

Samarbeid om helse må berre ha folks beste som siktemål og ikkje drivast fram som eit unionsprosjekt, styrt av reglane for den indre marknaden.